



2025/2026

Årsplan for Spødarbakken barnehage



Innleiing	3
Barnehagens formål	3
Barnet sitt beste vurdering	3
Presentasjon av barnehagen	4
Barnehagen sine overordna mål og satsingsområde	6
1. Felles satsingsområde i barnehagane i Time kommune	6
Laget rundt læraren og barnet (LLB).....	6
2. Barnehagen sitt satsingsområde	6
Hele meg – om kropp og grenser i barnehagen.....	6
Kompetansepakke for personalet; Leik i barnehagen	7
Rammeplan for barnehagen	8
Barns medverknad	8
Danning - gjennom omsorg, leik og læring	9
Danning.....	9
Omsorg	9
Leik	9
Læring.....	9
Planlegging, dokumentasjon og vurdering	11
Årsplanlegging	12
Pedagogisk dokumentasjon	12
Vurdering	13
Planar.....	13
Fagområda	14
Måltid.....	15
Psykososialt barnehagemiljø- kapitel 8 i barnehagelova	15
Autoritativ vaksenstil	16
Teieplikt og opplysningsplikt til barnevernet	16
Samarbeid mellom heimen og barnehagen.....	16
Eigarstyret.....	17
Foreldrerådet	17
Samarbeidsutvalet	17
Samarbeid med andre	17
Barnehagar	18

Helsestasjon	18
Pedagogisk Psykologisk teneste (PPT)	18
Barneverntenesta.....	18
Overgangar	19
Overgang internt i barnehagen	19
Overgang frå barnehage til barnehage	19
Overgang frå barnehage til skule	19
Kontaktinformasjon til dei ulike avdelingane og til kontor	20

Innleiing

Alle barnehagar er gjennom [Barnehagelova](#) og [Rammeplan for barnehagar](#) pålagt å ha ein årsplan, jf. Rammeplan kap.7. Innhald i årsplanen skal byggja på føringar frå Lovverk, Rammeplan for barnehagar og Strategiplan for oppvekst.

Årsplanen skal presentera barnehagen, gje informasjon om barnehagens mål og korleis personalet skal arbeida med rammeplanen for komande år og i eit langtidsperspektiv. Planen skal vera eit arbeidsreiskap for barnehagepersonalet, og skal grunngje og dokumentera barnehagen sitt innhald og arbeidsmåtar. I tillegg vil årsplanen vera eit utgangspunkt for føresette til å kunna påverka innhaldet i barnehagen. Årsplanen kan i tillegg gje informasjon om barnehagen sitt pedagogiske arbeid til myndighetsnivå, barnehagen sine samarbeidspartar og andre interesserte.

Barnehagens formål

Barnehagen skal i samarbeid og forståing med heimen ivareta barna sine behov for omsorg og leik, og fremja læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling. Barnehagen skal byggja på grunnleggjande verdiar i kristen og humanistisk arv og tradisjon, slik som respekt for menneskeverdet og naturen, på åndsfridom, nestekjærleik, tilgjeving, likeverd og solidaritet. Dette er verdiar som kjem til uttrykk i ulike religionar og livssyn, og som er forankra i menneskerettigheitar.

Barn skal få utvikla skaparglede, undring og utforskartronge. Dei skal lære å ta vare på seg sjølv, kvarandre og naturen. Barna skal utvikla grunnleggjande kunnskap og ferdigheiter. Dei skal ha rett til medverknad som er tilpassa alder og føresetnader.

Barnehagen skal møta barna med tillit og respekt, og anerkjenne barndommen sin eigenverd. Den skal bidra til trivsel og glede i leik og læring, og vera ein utfordrande og trygg stad for fellesskap og venskap. Barnehagen skal fremja demokrati og likestilling og motarbeida alle former for diskriminering (Barnehagelova §1)

Årsplanen bygg på [kommuneplanen sin samfunnsdel](#), [Strategiplan for Oppvekst 2023-2029](#), [FN sin barnekonvensjon](#) og [berekraftsmål](#).

Barnet sitt beste vurdering

Barn og unge er i Barnekonvensjonen art. 3 gitt ein rettighet på at barnet sitt beste alltid skal vurderast i avgjersler og saker som får betydning for barn direkte eller indirekte. Dette skal ligga til grunn for alle planar og handlingar i den einskilde barnehage.

I Spødarbakken barnehage jobbar vi for at alle barn skal bli trygge på alle i heile personalet, slik at alle kan kjenne alle og vite kva som er barnets beste. Vi deler informasjon med kvarandre slik at vi kan sjå det enkelte barn best mogleg. Vi har eit stabilt personale, og det er faste vikarar. Vi har ein fast veker- og dagsrytme, og ved å leggja ut informasjon i kalenderen, så gjer dette at både personalet og føresette kan forbereda barna på det som skal skje i kvardagen. Vi har god dialog med føresette om det enkelte barn, vi er ikkje redde for å ta ein telefon viss det er noko vi tenkar eller lurar på. Vi snakkar og undrar oss mykje om følelsar, og vi sett ord på følelsane, og prøvar å hjelpe barna til å få eit utvida språk slik at dei kan setja ord på det dei vil uttrykka. Vi er gode til å sjå kva den enkelte treng, og dette gjer at dei som har språkutfordringar blir og sett. Vi har ofte mindre grupper inne, eller organiserer avdelinga slik at barna blir fordelt rundt i romma. Dette kan gjer at det blir meir ro og oversikt, og mindre overstimulering for enkelte barn. Vi har fokus på frileik, men vi har og bordaktivitetar tilgjengeleg. Vi lagar planar utifrå korleis barnegruppa er og kva deira interesser er. Vi har mange gode samtalar, og vi tek på alvor det barnet fortel. Vi har jamleg barnesamtalar med nokre av aldersgruppene. I utetida tek vi omsyn til været, gjer barna pausar frå sola, men er og mindre ute når det er skikkeleg kaldt ute. Vi tenkar at alle er ulike og unike, og at barnets stemme er viktig i avgjersla som blir tekne.

Presentasjon av barnehagen

Spødarbakken barnehage er ein privateigd andelsbarnehage som stod ferdig juni 2005. Barnehagen ligg sentralt på Bryne, med kort avstand til sentrum og turområde. Vi har fire avdelingar, Tommeliten og Veslefrikk, for 1-2 år og Askeladden og Tyrihans, for 3-6 år. Pr. august 2025 har vi 22.43 årsverk. Vi har 26 timer med spesialpedagog i barnehagen. Vi har 28 småbarn fordelt på 28 plassar på to småbarnsavdelingar (1-2 år) og 54 store barn fordelt på 53,8 plassar på to store avdelingar (3-6 år). Den autoritative vaksenstilen har blitt ein del av den pedagogiske plattformen vår. Det betyr at i denne barnehagen skal barn og føresette møta vaksne som er varme og grensesettande og som skapar eit trygt og godt miljø med mange gode og sterke relasjonar. For at barna skal oppleve glede og trygghet over å være i barnehagen er det viktig at både føresette og personalet har gode relasjonar til barnehagen og kvarandre. Vi har lang tilvenning, der føresette er i barnehagen i 5 dagar. Dei får oppleve barnehagekvardagen, overgangane og leiken nært, og dette gjer at både barn og føresette blir tryggare. Det er ulike tilstellingar i barnehagen der føresette blir invitert. Det er sommarfest, FN- kafé, julefrukost og besteforeldrekaffi (berre besteforeldre blir invitert). Det er også dugnad for aktive andelshavere der dei hjelper til med praktiske gjeremål inne og ute i barnehagen, samtidig som dei bygger relasjonar seg mellom. Dei har seks timar med dugnadstimar per barnehageår, og det blir satt opp to ettermiddagar i løpet av året der timane kan kasserast inn.

Vi samarbeider med barne-, ungdoms- og vidaregåandeskular på Jæren, der vi tek i mot studentar som skal i praksis over kortare og lengre periodar.

Barnehagens visjon visar og korleis vi ynskjer barnehagekvardagen skal være

«...barna skal kome heim glade, trøytte, skitne og litt smartare enn då dei drog heimanfrå...»

Barna er glade fordi dei er trygge og får medverka i eigen kvardag, trøytte fordi dei er fulle av nye erfaringar, skitne fordi dei er engasjerte og erfarer omverda med heile seg og smartare fordi god leik i trygge omgivnader gir læring. Vi ønsker at vår visjon skal prege det pedagogiske arbeidet med barna. For å få dette til er det nødvendig å gi barna utfordringar tilpassa utviklingsnivå slik at dei opplever meistring og får trua på seg sjølv. Gjennom å ta barna med på ulike leikar, formingsaktivitetar og turar i nærmiljøet gir vi barna erfaringar og utfordringar dei har moglegheit til å meistre. På den måten vil barna få førstehandserfaringar og oppleve glede av meistring. Barna skal oppleve meistring ved å medverka meir i sin kvardag, barna skal sjå at dei og har ein stemme i barnehagen.

Spødarbakken barnehage har eit eigarstyre som det øvste kontrollorganet. Dette styret skal fungere som barnehagens bindeledd mellom årsmøta. Eigarstyret består av seks medlemmar og eit varamedlem. Eigarstyret skal ivareta eigaroppgåver som organisering og budsjett, samt andre avgjersler som angår verksemdas drift. Eigarstyret held 4-6 styremøte saman med dagleg leiar for kvart barnehageår. Val av medlemmar til eigarstyret vert gjort kvart år på årsmøte. Det er ein eigen valkomité som har ansvar for å finna nye kandidatar.

Barnehagen bruker Private Barnehagers Landsforbund (PBL) sin Mentor kidplan (kidplan) som ein elektronisk registrering- og informasjonskanal. Her legg føresette inn ulik informasjon, samtykker og meldingar til personalet. Føresette kan og finne kontaktinformasjon til andre føresette frå avdelinga dei tilhøyrrer. Personalet legg ut forskjellig informasjon, slik som ulike gjeremål i kalenderen. Her vil viktige datoar stå, slik som felles arrangement, planleggingsdagar og dagnadsdatoar, men og kva som skjer på dei ulike gruppene. Når det er noko foreldra skal vera med på, så vil det ofte vær påmelding inne på appen. Kalenderen er levande, det vil seia at det blir lagt ut informasjon i denne undervegs. Det vil og bli lagt ut bilete og logg av kvardagen vår. På tavla vil det ligge ulike planar, viktige dokumenter og referat med meir. Føresette får brukartilgang til kidplan ved oppstart. Kvart andre år vil det bli gjennomført brukarundersøking gjennom Time Kommune, dette skjer i oddetalsår.

Barnehagen sine overordna mål og satsingsområde

1. Felles satsingsområde i barnehagane i Time kommune

Strategiplan for Oppvekst er eit styringsverktøy for alle einingane i Oppvekst i Time kommune, og den gjer tydeleg og definert retning mot felles mål. Leveregelen i Oppvekst er «Me skal gjera kvarandre gode og me skal gjer det i lag». Dette er noko vi i Spødarbakken barnehage og følg. I strategiplanen er det valt ut fem sentrale satsingsområde frå samfunnsdelen der det innanfor kvart av desse områda er sett opp mål og tiltak. Barnehagane skal jobba målretta for å nå mål og tiltak sett i planen i tidsperioden 2023 - 2029. Dette vil skje både gjennom felles satsingsområde for alle barnehagane og identifiserte utviklingsområde i den einskilte barnehagen.

Laget rundt læraren og barnet (LLB)

I barnehageåret 2024/2025 hadde kommunen og vi særskilt fokus på eitt av tiltaka knytt til satsingsområde 2 i Strategiplanen: «Samhandling for førebygging og tidleg innsats», kor eitt av tiltaka var at det skulle opprettast ein arena i barnehagane for jamleg tverrfagleg samskaping mellom profesjonar på førebyggjande nivå. Dette vil vi fortsetja med dette barnehageåret også. Det vil bli auka nærværs tid av pedagogisk psykologisk tenesta (ppt) og helsestasjonen i barnehagen. Det vil koma ein arena for jamleg tverrfagleg samarbeid, kalla «laget rundt læraren og barnet» (LLB), i barnehagen. Her vil kontaktpersonar frå ppt, helsestasjonen, barnevernet, dagleg leiar og assisterande dagleg leiar delta. Her vil temaer diskuterast på systemnivå, der det er erfarings- og kompetanseutveksling mellom dei ulike instansane. Ppt vil og auka nærværs tida inn i barnehagen. Kommunen vil og ha særskilt fokus på satsingsområde 3 i Strategiplanen, som handlar om inkluderande samfunn. Målet er at alle barn og unge skal melde ifrå om at dei blir sett, høyrte og inkludert. Her skal alle tenester i Oppvekst dra lasset i saman, der fokuset skal vær å dreia ressursane ifrå individet til fellesskapet. Dette vil man jobbe spesielt med i LLB. Visjonen til kommunen seiar at «Alle barn og unge i Time kommune har lyst på livet, og evne til å meistra dette». Vi i Spødarbakken barnehage tenkar at det dei vaksne som har ansvar for dette, det er vår jobb å vera med på å laga gode, trygge og inkluderande oppvekstmiljø. Dette gjer vi blant anna med å ha eit godt samarbeid med barnevern, helsestasjon, ppt, føresette og andre viktige omsorgspersonar rundt.

2. Barnehagen sitt satsingsområde

Hele meg – om kropp og grenser i barnehagen

Livsmeistring er eit tema som verdsettast høgt i Spødarbakken barnehage. Dette er noko vi jobbar mykje med gjennom eit material som heiter «Hele meg – om kropp og grenser i barnehagen» (Hele meg). Fokuset er å lære barna om kroppen, like den og

at vi bestemmer over den sjølv. Det er laga i utgangspunktet til dei barna på stor avdeling, men personalet på småbarnsavdelingane legg ein del av materialet ned slik at det passer til deira modning og utvikling. Dei har fokus på kroppen, sansane og dei ulike kroppsdelane. Rammeplanen seiar at barna skal bli kjende med egne behov og få kunnskap om menneskekroppen (2017). Hensikten med å snakke og jobbe med «Hele meg» er at barna skal bli rusta mot eventuelle kroppspress, auka kunnskapen deira om grensesetting for eigen kropp, styrka sjølvfølelse og individet. I tillegg kan dette bidra til førebygging av vald, grenseoverskridelse og seksuelle overgrep. Rammeplanen for barnehagar seiar blant anna at vi skal «bidra til at barna utviklar eit bevisst forhold til retten til å bestemme over eigen kropp og respekt for andre sine grenser» (2017:50). Vi lærer blant anna om både om den fysiske delen av kroppen, men og om sansar, kjensler og identitet, og om grensesetting. Vi snakkar om heile kroppen sidan den er med oss heile livet, kroppen er ikkje berre det fysiske, men og psykisk. Det er viktig at barna får eit godt begrepsapparat for kroppen og at dei lærer at alle kroppar og individ er unike og ulike. Vi skal rusta barna opp mot kroppspress, vi skal auka deira kunnskap om grensesetting for eigen kropp, styrka sjølvfølelsen deira og styrka individet. Vi skal beskytta barn mot vald og overgrep, og vi skal gje dei eit verktøy som gjer det lettare for dei å fortelja viss eit overgrep har skjedd. Når vi i barnehagen samtaler, undrar oss og fabulerer om kroppen, ufarleggjer vi temaet som for eksempel har om barns seksualitet. Vi snakkar naturleg om det, og dette gjer at barna kan spør og undre seg over det som skjer med kroppen. Desse samtalanene kjem både i planlagde samlingar, men og i uformelle situasjonar som leik, rundt måltidet og i garderoben. Vi skriv i loggen på kidplan kva vi har snakka om på temasamlingane.

Kompetansepakke for personalet; Leik i barnehagen

Personalgruppa skal arbeide saman om ein barnehagebasert kompetansepakke som utdanningsdirektoratet har laga som heiter; Leik i barnehagen. Vi ynskjer å heva kompetansen rundt dette, og vi ser viktigheita for at alle skal ha same kunnskap om leik. Rammeplanen seiar at «Leiken skal ha ein sentral plass i barnehagen, og eigenverdien til leiken skal anerkjennast. Barnehagen skal gi gode vilkår for leik, vennskap og barna sin eigen kultur. Leiken skal vere ein arena for utvikling og læring og for sosial og språkleg samhandling»(Kunnskapsdepartementet 2017:20). Ved å ta utgangspunkt i denne kompetansepakken vil personalet få ny teori om leik, og dei skal jobbe med ulike praktiske oppgåver. Vi vil gjer noko individuelt, men og mykje i gruppe. Vi skal utveksle erfaringar, diskutere teori opp mot praksis, og man skal reflektere saman. Vi skal tole å sjå på eigen praksis, og sette dette opp mot nyare forskning. Ved å gjer dette tenker vi at det blir både læring og utvikling om leik i Spødarbakken barnehage.

Rammeplan for barnehagen

Barns medverknad

Barn har rett til medverknad tilpassa alder og føresetnadar, jf. barnehagelova §1. 2.ledd. Barnehagen skal ta i vare barn sin rett til medverknad ved å leggja til rette for og oppmuntra til at barna kan få gje uttrykk for sitt syn på barnehagen si daglege verksemd, jf. barnehagelova § 1 og § 3, Grunnloven § 104 og FNs barnekonvensjon art. 12 nr. 1.

Barn skal jamleg få moglegheit til aktiv deltaking i planlegging og vurdering av barnehagens verksemd. Alle barn skal få erfara å ha medbestemming på det som skjer i barnehagen. Medbestemming er ein del av medverknad. Ei viktig side av medverknad er at barna opplever å bli høyrde når dei gir uttrykk for tankar, ord og meiningar, dette gjer dei både kroppsleg og språkleg. Vi vaksne skal være lydhøyre overfor barns uttrykk, og ta barnet på alvor, men passe på at dei ikkje får meir ansvar enn dei klarar. I det daglege samtalar vi med barna, vi lyttar når dei undrar seg og still spørsmål, vi skal anerkjenne barnas eigen uttrykksmåte samtidig som vi skal hjelpe dei til å ta omsyn til andre sine ynskjer. Når det kjem innspel og ynskjer frå barn skal vi ta desse med i planar og aktivitetar. For å klare å gjer dette, må planane ha rom for endringar, og personalet må være fleksible i gjennomføringa av desse. Gjennom å ta barnas initiativ på alvor, ynskjer vi å synleggjere barnas moglegheiter til å påverke barnehagekvardagen sin. Barnehagen skal være ein lærande organisasjon, der personalet har fokus på å være gode førebilete for barna gjennom å være aktive vaksne som er til stades på barnas premisser. Barna skal få moglegheit til å være med å setje føringar til varierte erfaringar og opplevingar. Ved at barnehagen er ein plass dei følar seg trygge, sett og respektert, så kan dei tore å sei meir ifrå. Barna skal oppleve at det dei uttrykker har verdi. Barna får ofte vela kva leiker det skal vær på avdeling, eller dei vaksne veit kva barna interesserer seg for – og at det vil då bli lagt fram noko i forhold til dette. Personalet kan sjå barnets behov, og legge til rette for eksempel boltreleik, uteleik, konstruksjonsleik eller rolleleik, alt etter korleis barnegruppa er. Barna kan få vera med inn på leikoteket å vela leiker sjølv, dei får kome med innspel på kva slags lydbok dei vil høyra på i kvilestund og det blir lagt ut spor av ulike barns interesser som kan setja i gang gode samtalar og leik. Barna kan blant anna vela tur-plassar, om dei vil vær ute eller inne (enkelte dagar), og spør om å få gå på besøk på andre avdelingar. Det er demokratisk val i forhold til ulike temadagar, der det enkelte barn stemmer på den dagen dei har lyst til å ha, og dei er med på å bestemma innhaldet i temadagane. Barns medverknad kan handle både om kven dei skal halde i handa med på tur, og større ting som temadagar. Barnehagedagen er for barna, og personalet prøvar å leggja best mogleg til rette for både det enkelte barn, men og gruppa.

Danning - gjennom omsorg, lek og læring

I følge Rammeplan for barnehagen kap. 5 skal barnehagen i samarbeid med heimen ta i vare barnet sitt behov for omsorg, lek, læring og danning. Dette er grunnlaget for allsidig utvikling.

Danning handlar om å utvikla evne til å reflektera over eigne handlingar. Danning skjer i samspel med andre, og er heilt nødvendig for å fungera i eit større fellesskap. Barna skal oppmodast til å vera nyfikne og prøvande, og læra å bli gode medlemmar av eit fellesskap. Kvart enkelt barn skal få kunnskap, støtte og utfordringar som hjelper dei å handtera livet. Vi har som mål at barn skal by på seg sjølv i lek, aktivitetar og samlingar. Vi vil at barn skal visa omsorg, inkludera andre, og møta andre med respekt. Alt dette dreier seg om danning.

Omsorg pregar alle situasjonar i kvardagen vår. Alle vaksne møter kvart enkelt barn med eit godt blikk, dei er tydelege og viser empati.

Lek er svært viktig i barnehagen. Leiken er den viktigaste læringsarenaen for barn i barnehagen. I leiken lærer barn om verda, dei prøver ut ting, og dei opplever meistring og fellesskap med andre. I leiken lærer barn å ta ansvar, innordna seg etter andre, venta på tur og dela på leiker og utstyr.

Læring skjer i det daglege samspelet med andre og er nært knytt til lek og omsorg. Vi har både formell og uformell læring. Dei vaksne i barnehagen legg til rette for variert lek og aktivitet tilpassa det einskilde barn og gruppa. Personalet er rollemodellar som delar av sin kunnskap, engasjement og kreativitet. Læring og omsorg skal vera prega av kvalitet i samspelet mellom barn og vaksne, jf. barnehagen sitt samfunnsmandat.

Ein del av dannelsesarbeidet i Spødarbakken barnehage startar allereie i tilvenninga, der vi har valt å ta utgangspunkt i ein modell som vert kalla Jåttåmodellen. Der blir relasjonsbygging sett i fokus som ein del av tryggingsarbeidet til nye barn og føresette. Modellen blir hovudsakleg brukt for dei yngste barna under tre år.

Kort om modellen:

- Foreldremøte for nye foreldre i juni.
- Besøksdag for barn og foreldre før oppstart.
- Oppstartsamtale med pedagogisk leiar i juni.
- Ved oppstart er foreldre til stade saman med barnet i fem heile dagar, ved behov kan dette forlengast. Dette gjelder i hovudsak barn under 3 år. Barn over 3 år anbefaler vi minimum tre dagar.

- Foreldre deltar aktivt i praktiske oppgåver i barnehagen i hovudsak dei tre første dagane, og har hovudansvaret for barnet i leik, stell og måltid. Kontaktpersonen frå barnehagen er i nærleiken og nærmar seg barnet gradvis i løpet av disse dagane.
- Tilvenning i små grupper.
- For meir informasjon om tilvenning, sjå «Velkommen til oss» hefte.

Hovudtanken med denne tilvenningsmodellen er at trygge barn leikar og lærer betre enn utrygge barn. Vi vaksne er opptatt av å bygge gode relasjonar til alle barna i barnehagen, og vi skal hjelpe barn til å bygge gode relasjonar seg imellom. Vi vil hjelpe barn som synes dette er utfordrande. Rammeplanen seiar blant anna at «barnehagen skal aktivt leggje til rette for utvikling av vennskap og sosialt fellesskap» (2017). Gjennom å dele barnegruppene opp i mindre grupper, ha opne dører mellom dei store avdelingane innimellom og ha aktivitetar på tvers av avdelingane legg vi forholda til rette for at dette kan skje. Det å være med på felles opplevingar er og med på å bidra til å danne nære relasjonar og vennskap. Vi har forskjellige faste aktivitetar vi deltar på. Blant anna er 4 åringane med på julevandring i Bryne kyrkje i desember, vi syng for dei eldre på Sivdamsheimen ved juletider og ved påske kjem kateketen til Tyrihans og Askeladden for å fortelja påskehistoria. Fleire gonger årleg blir vi invitert til Bryne vidaregåande skule, der elevane frå Vg1 Helse- og oppvekst eller barne- og ungdomsarbeidarfaget har ulike aktivitetar og samlingar med oss.


Vi i Spødarbakken barnehage er opptatt av at alle barn er like mykje verdt, vi har fokus på å inkludera alle og førebyggja mobbing. Vi har fokus på å danna gode og sterke relasjonar mellom barna, mellom barn – vaksen og vaksne seg i mellom. Barna skal bli møtt av omsorgsfulle vaksne som bryr seg om den enkelte. Vi tenker at gjennom å være ein autoritativ vaksen, gir vi barna trygge og tydelege omgivningar og ei oppleving av å bli anerkjent og godt likt som den ein er. På stor avdeling har vi noko som heiter «min koffert». Eit barn får med seg ein tom koffert heim, og denne kan dei ta oppi tre gjenstandar som er viktige for dei. Desse vises i samling framfor dei andre barna. Barnet vil stå framfor ei gruppe og vise noko som dei er opptatt av, og resten av gruppa øvar seg på å lytta til andre, og øva på å vise respekt for kvarandre. Her blir det enkelte barn framheve, men på same tid blir det som er likt og ulikt vist fram – kva dei har som felles interesser og kva kan vi lære av kvarandre. Det å møte andre sine tradisjonar og kulturar styrkjar barna, dei forstår meir om kvarandre. For personalet er det viktig å bli kjent med alle familiar, vi brukar tid på oppstartssamtalen, foreldresamtalar og god kommunikasjon i garderoben.

I boka «Boltrelek og lekeslåssing» står det at barna har ein trong til å leike, at dette blir drivkrafta deira. Barna lærer både grunnleggande sosiale ferdigheiter,

kulturspesifikke normer og tradisjonar gjennom lek (Eide-Midsand, 2015). Størksen og Rege seiar i boka «Lekbasert læring» at læring gjennom lek er viktig, der barna er aktive og engasjerte i aktivitetane saman med andre barn og vaksne, der dei følar at det er ei meining med det dei gjer (2018). Personalet må derfor leggje til rette aktivitetane i forhold til modning og alder for at barna skal oppleve meining med det. Vi skal og leggja til rette for den frie leiken og vi skal gje barna opplevingar som dei kan vidareføra i sin lek. Personalet har fokus på å laga forskjellige leikemiljø på ulike avdelingar for at barna kan utfordra seg sjølv i barnehagen, der vi kan inspirera og gje rom for at barna møter ulike typar lek og leikematerialar. Vi skal og leggja til rette for eit kreativt, inspirerende og gildt leikemiljø på barnehagens uteområde. Dei vaksne skal aktivt observera og analysa barnas lek for å leggja til rette på best mogleg måte og dei skal la barna være med på å medverka. Dei skal og ha kunnskap om viktigheita i å støtte og delta i leiken for hjelpa å vidareutvikla den på barnas premiss. Gjennom gode strukturar og rutinar skaper barnehagen trygge rammer for barna til å utfalde seg i lek, både aleine og saman med andre. Dei vaksne er aktive deltakarar både som rettleiarar og gode førebilete, men der dei har ein pedagogisk takt til å trekke seg ut av leiken når den er godt i gang. Barna får utvikle sosial kompetanse som blant anna handlar om å kunne samarbeide positivt med andre i ulike situasjonar. Barnehagen er ein viktig arena for sosial utvikling, læring og etablering av vennskap. Rosande og støttande relasjonar er eit grunnlag for å utvikle sosial kompetanse, og ved å vær ein autoritativ vaksen vil dette være til hjelp i utviklinga. Å bli tatt på alvor er avgjerande som motivasjon for læring og som grunnlag for å utvikle tillit til seg sjølv og andre. Barn lærer best gjennom leikande aktivitetar, og vi som vaksne skal leggja til rette for dette. Barnehagen skal opplevast som eit miljø der det å leike, lære, meistre og utforske er naturleg. Vi skal hjelpa og støtte barna i desse læringsprosessane ved å vær aktive og engasjerte.

Planlegging, dokumentasjon og vurdering

Kapittel 7 i Rammeplan for barnehagen gir overordna føringar for pedagogisk innhald i barnehagen, og forutset at barnehagane utarbeider årsplanar som konkretiserer korleis ein skal arbeide med planlegging, dokumentasjon og vurdering.



Årsplanlegging

Rammeplan for barnehagen og barnehagelova pålegg alle barnehagar å ha ein årsplan. Årsplanen skal byggje på føringar frå Lovverk og rammeplanen med forskrifter fastsette av barne- og likestillingsdepartementet. Årsplanen skal være eit arbeidsreiskap for personalet, der ein dokumenterer vala barnehagen tek og grunngjevingane til det. Den er å finne på kidplan, slik at føresette, tilsynsmyndigheiter og andre interesserte kan lese den. Årsplanen skal evaluerast og reviderast kvart år, og godkjennast av samarbeidsutvalet. Det blir planlagt aktivitetar kontinuerleg i løpet av året. Det er jamleg avdelingsmøter, personalmøte og pedagogiskeleiar møter der det blant anna blir laga planar, snakka om kva som skjer der og då og framover. Den pedagogiskeleiar gruppa har to dagar i løpet av barnehageåret der dei planlegg ein lengre tidsperiode av barnehageåret. I Spørdarbakken kan føresette ta kontakt med styreleiar, SU representantar, pedagogiske leiarar eller dagleg leiar viss dei vil kome med innspel eller gje konkrete tilbakemeldingar på planar som blir laga. Det er og to foreldremøte i løpet av barnehageåret, der det er moglegheit til å påverke barnehagekvardagen.

Pedagogisk dokumentasjon

Det vi dokumenterer av vårt arbeid viser korleis vi jobbar for å oppfylle dei krava barnehagelova og rammeplanen har sett. Føresette, lokalmiljøet og kommunen kan få informasjon gjennom barnehagens dokumentasjon om barnets opplevingar, gjeremål og lærdom i barnehagekvardagen. Til føresette dokumenterer vi kvardagen gjennom bilete og tekst på kidplan. Her ligg og årsplanen tilgjengeleg. Gjennom dokumentasjon på avdelingane synleggjer vi dei ulike aktivitetane og opplevingane barna har vore med på. Barna kan føle stoltheit over eigen innsats og sjå både

prosessar og resultat av arbeidet. Vi kan også samtale om arbeidet og aktiviteten, og på den måten stimulere språkutvikling og omgrepsforståelsen til det enkelte barnet. Barna skal oppleve meistring og kjenna at dei har trua på seg sjølv, og for å få til det må personalet legga til rette for at barna meistrar ut ifrå deira eigen føresetnad. Barna har eigne mapper der blant anna informasjon om barnet og observasjonsmaterial blir lagra.

Vurdering

Personalet har jamlege møter både avdelingsvis og med heile personalgruppa, der alle får kjennskap til kva som skal skje i barnehagen, og der dei blir informert om ulike behov hjå den enkelte slik at disse kan bli ivaretekne også utanfor dei strukturerte aktivitetane. Føresette og pedagogisk leiar har foreldresamtalar to gonger i året, der snakkar dei om barnets trivsel, utvikling og læring. Dei ser og på eventuelle utviklingsområde som barnet kan klare å strekka seg etter. Vi skal kontinuerleg vurdere det pedagogiske arbeidet vi gjer ut ifrå våre eigne planar, rammeplanen og barnehagelova. Vi brukar blant anna kvalitetskrysset i arbeid med planar, refleksjonar og vurderingar. Heile personalgruppa er med på å vurdere felles arrangement vi har, slik at alle blir inkluderte og at vi får opne og faglege diskusjonar på det vi gjer. Vi vurderer kva som har vore bra, og kvifor, og kva som kunne vore betre, og korleis? Desse kvalitetskryssa blir lagra, og funnet fram når man skal lage eit liknande arrangement. Der ser vi på kva som fungert bra, og kva vi eventuelt kan gjer betre, og planleggar vidare på dette. I det daglege snakkar personalet med barna om korleis dei har opplevd dagen sin, eller ulike arrangement. Desse samtalane har vi rundt måltida, i samlingar, garderoben, i leikesituasjonar. Vi får verdifull informasjon frå barna gjennom daglege samtalar, som gjer at kvardagen deira kan bli ennå betre. Dei vaksne er bevisste barns forskjellige uttrykksmåtar for best mogleg å vurdere praksisen, barna uttrykk seg både verbalt og nonverbalt korleis dei har det. For eksempel så kan vaksenstyrte aktivitetar endrast undervegs viss vi ser at det ikkje treffer barnegruppa. Dette kan vi og sjå på barneinitierte leik, at personalet kan gå inn i leiken viss det er enkelte barn som syns det er kjedeleg eller vanskeleg, for å då gje dei nye innspel slik at leiken flyter betre. Føresette kan påverka barnehagekvardagen gjennom samtaler med personalet, både i garderobesituasjon og under foreldresamtalar som er to gonger i året. Dei kan og ta kontakt med dagleg leiar, samarbeidsutvalet og styret.

Planar

Viktige datoar og gjeremål blir ført inn på kalenderen på kidplan. Denne er levande, som betyr at personalet fyller inn undervegs. I kalenderen skal foreldra klare å få eit innblikk i kva barnet deira skal gjer dei enkelte dagane, både vanleg kvardag, men og når det skjer spesielle ting. Avdelingane lagar eigne planar for dei ulike temaene, for eksempel «Hele meg», og desse blir evaluert etter kvart.

Vi følg kommunens planar om overgangar; [overgangsplan-0-16-ar-pdf.pdf \(time.kommune.no\)](#), kommunens strategiplan 2023 – 2029; [strategiplan-oppvekst-2023-2029.pdf \(time.kommune.no\)](#).

Fagområda

Rammeplanen inneheld sju fagområde som alle skal leggjast vekt på i arbeidet i barnehagen. Fagområda speglar områda som har interesse og eigenverdi for barn i barnehagealder, og skal bidra til å fremja trivsel, allsidig utvikling og helse.

Barnehagen skal ta utgangspunkt i barna sine sine interesser slik at arbeidet med fagområda kan opplevast som ein meningsfull og morosam del av kvardagen deira.

Dei sju fagområda er:

- Kommunikasjon, språk og tekst.
- Kropp, bevegelse, mat og helse.
- Kunst, kultur og kreativitet.
- Natur, miljø og teknologi.
- Tal, rom og form.
- Etikk, religion og filosofi.
- Nærmiljø og samfunn.

Målsetting for arbeidet med fagområda er at alle barn skal erfara og læra gjennom vektlegging av fagområda i formelle og uformelle situasjonar i kvardagen.

Rammeplanen ansvarleggjer personalet i forhold til at barna skal utvida og utvikla sine interesser med forskjellige opplevingar og erfaringar. Den seiar at personalet må være bevisste på dette når det gjeld val av arbeidsmåtar, leiker, det pedagogiske innhald, materiale og det fysiske miljøet (2017). I barnehagen er det eit leikotek, der ulike konstruksjonsleiker, gjenbruks materialar, eventyrrekvisittar og spel som er med på å utvikla barna på ulikt vis. Dette ligg samla ein plass og der vi kan plukke det vil vi ha med oss på avdelinga. Det er og forskjellige materialar som er med å utvikla rolleleiken i ulik retning ut ifrå barnets modning. Vi er mange vaksne med forskjellige erfaringar, kunnskap og ferdigheiter som er klar for å gje barna og andre vaksne ulik inspirasjon. Avdelingane tilbyr ulike miljø for at det skal vær lettare for barna å oppsøka den avdelinga som har det barnet er ute etter, med det skapar vi trygghet på tvers av avdelingane. Dørene mellom avdelingane står ofte oppe slik at barna kan utforska sjølv kva som skjer, og oppsøke ulike leikemiljø og andre barn. Uteområdet i barnehagen er lagt opp til at barn i ulik alder og modning har noko å strekka seg mot. Det er forskjellige leikeapparat med ulik vanskeleghetsgrad, og det er moglegheiter for å klatra i trær, vær i ulendt terreng, gå opp og ned i bakkar og utforska miljøet i barnehagen. Ved hjelp av elsyklane våre kjem vi oss på lengre turar slik at vi kan utforska meir det som er rundt nærmiljøet vårt og på Jæren. Om det er ein tur til

Nærbø eller ein rask tur til Sandtangen, er ikkje så viktig, men at barna får meir tid til utforsking, undring og leik utanfor barnehagens portar er det viktigast.

Vi tenker at barna skal få kjenne på meistring, men på same tid ha noko å strekka seg mot. Vi skal planleggja og legge til rette for at barna møter framgang og der dei utviklar seg ut ifrå deira eigen modning. Det er ein prosess og alle barn er forskjellige. Milepæler og tidspunktet for kor tid dei er klar for ny læring er forskjellig. Dette er personalet oppmerksom på, vi er til stede for barna. I Spødarbakken tenkar vi at progresjon handlar om barnas framgang og utvikling i barnehage kvardagen. Rammeplanen seiar at personalet skal leggja til rette for at alle barn møter varierte leikar, læring og aktivitetar. Barna skal og ha moglegheit til å fordjupa seg, gjenkjenna og gjenta både innhaldet og ulike arbeidsmåtar i barnehagen (2017).

Måltid

For å sikra at måltida i barnehagen er i tråd med anbefalingar, lagar me måltida ut frå [Helsedirektoratet sine retningslinjer for mat og måltid i barnehagen](#). Vi kjøper matvarer frå lokale grossistar, slik som Roxmann, Sele potet og Malmin og Orre. Vi er stolte over å ha eigen kokk, Katrine, som lagar smaksrik, innbydande og fargerik mat til oss. Dette er med på å gje barna ein god smaksarena som kan gjer at dei utviklar matglede og sunne vanar. Dei vaksne er gode rollemodellar som motiverer til å smake på ulike matvarer, og vaksne som et det som kokken serverer. Vi har gode samtalar rundt matbordet der vi snakkar om kva vi likar kjempe godt, og kva vi likar mindre godt. Vi snakkar og oppfordrar om å eta ulik mat fordi kroppen treng mat og energi, at vi ikkje kan kun eta det vi liker kjempe godt. Vi serverer ulike frukostvarianter i løpet av veka, og vi har varmmat fire gongar i veka, og brødmåltid ein gong i veka. På ettermiddagen får vi frukt, og skjeve eller knekkebrød.

Psykososialt barnehagemiljø- kapitel 8 i barnehagelova

Alle barn i barnehagane i Time kommune har rett til eit trygt og godt barnehagemiljø utan krenkingar og mobbing. Barnehagane skal sørga for at barna har det trygt og godt.

[Barnehagane skal ha nulltoleranse og arbeida forebyggande](#) for at barnehagemiljøet skal vera trygt og godt § 41

[Barnehagane har aktivitetsplikt](#) og skal snarast undersøka saka og setta inn tiltak når dei får kjennskap til at eit barn ikkje har det trygt og godt i barnehagen § 42

[Det er innført skjerpa aktivitetsplikt](#) dersom ein som arbeider i barnehagen krenker eit barn § 43

Autoritativ vaksenstil

Den autoritative vaksenstilen inneber at den vaksne viser varme og omsorg ovanfor barnet, samtidig som dei er tydelege og grensesettande. Den varme og grensesettande vaksne arbeidar bevisst med å utvikla gode relasjonar til barnet og viser ein aksepterande haldning. Personalet har fokus på fellesskap i personalgruppa, noko som syner igjen i eit godt arbeidsfellesskap. Det er ein god tone og stemning på huset og dette visar igjen i kvardagen. Personalet er opptekne av å ta vare på kvarandre og dei skapar mykje humor seg i mellom. Barna vil oppleve livsmestring ved å vær på ein trygg og føreseieleg plass, der dei blir sett, der barnet opplev at dei kan vær seg sjølv. Dette tenkar me blant anna blir synleggjort ved at personalet har mykje humor seg imellom, men og at dei har forskjellige trygge og gode relasjonar. Vi har fokus på å danna trygge relasjonar heilt ifrå starten av, til både barna og føresette. Barna skal kjenne at her er det godt å vær, og dei skal møta vaksne som bryr seg om dei, og som visar dette med heile seg. Å vær ein autoritativ vaksen handlar om å vise varme samtidig som du er tydeleg, og der du sett grenser. Dette skapar eit trygt og godt miljø for både føresette og barn. Barnehagen har fleire eksemplar av foreldreboka «Du og Barnet ditt» som handlar om den autoritative foreldrestilen. Desse bøkene er tilgjengeleg for utlån til føresette.

Teieplikt og opplysningsplikt til barnevernet

Alle tilsette som jobbar i barnehage er underlagt teieplikt knytt til mellom anna personlege forhold som ein får kjennskap til gjennom arbeidsforholdet, jf.

[Barnehagelova §44](#). Dette vert signert ved tilsetting.

I tillegg er alle tilsette plikta å gje opplysningar til barnevernet når dei blir anmoda om dette eller sjølv blir oppmerksame på forhold som er omfatta av opplysningsplikta, jf. [Barnehagelova §46](#). Barnehagen har rutine for å sikra at alle tilsette kjenner til denne plikta.

Samarbeid mellom heimen og barnehagen

Barnehagen skal i samarbeid og forståing med heimen ivareta barna. Det er dei føresette som har ansvaret for å oppdra barna sine. Barnehagen representerer eit kompletterande miljø i forhold til heimen, og skal visa respekt for ulike familieformer.

Med samarbeid meiner ein regelmessig kontakt der informasjon og grunngjevnader vert utveksla. Føresette og barnehagepersonalet har eit felles ansvar for barna sin trivsel og utvikling. Det daglege samarbeidet må byggja på tillit og god kommunikasjon. Personalet ynskjer at føresette stolar på at det er greitt at dei kan ta

opp det som opptar dei i forhold til barnet og barnehagen, sjølv om det skulle innebera kritikk. I Spødarbakken barnehage ynskjer vi at føresette tek kontakt, og gjer oss tilbakemelding til personalet, anten munnleg eller skriftleg. Personalet syns at den daglege kontakta med føresette er viktig slik at vi saman kan gje barna ein trygg og god barnehagekvardag. Gjennom daglege møter ved levering og henting av barnet vil informasjon som angår barnets trivsel bli utveksla. Føresette vil kome på to samtalar i løpet av barnehageåret, der ein vil kunne gå djupare inn på det enkelte barns trivsel og utvikling. Om det er behov for fleire samtalar, finn den pedagogiske leiaren tid til dette ilag med føresette.

Eigarstyret

Barnehagens eigarstyret er eit spesielt viktig organ for dagleg leiar, der ho har jamlege møter med dei, og der ho kan rådføra seg med styreleiar når ho treng det. Dette er og eit organ føresette kan bruka for å medverka i barnehagekvardagen.

Foreldrerådet

Foreldrerådet består av føresette til alle barna i barnehagen. Foreldrerådet skal fremme felles interesser og bidra til at samarbeidet mellom barnehagen og foreldregruppaa skapar eit godt barnehagemiljø. Vi har to foreldremøte/foreldreråd for kvart barnehage år. Det blir også halde eit årsmøte i april i regi av eigarstyret.

Samarbeidsutvalet

Barnehagens samarbeidsutval består av to representantar frå personalet, to representantar frå føresette og ein representant frå eigarstyret. I tillegg har dagleg leiar i barnehagen møterett, men ikkje stemmerett. Samarbeidsutvalet skal være eit rådgivande, kontaktskapande og samordna organ. Utvalet skal fungere som eit bindeledd mellom føresette og barnehagen. Det blir gjennomført to møter per barnehage år. Representantane blir valt for eitt år om gongen. Valet skjer på hausten i det gjeldande barnehageåret.

Samarbeid med andre

Eit godt og inkluderande tilbod til alle barn og unge krev at dei tilsette har relevant kompetanse, at det er tilstrekkelege ressursar, og at tenestene samarbeider. For å kunna ta avgjersler som tek omsyn til ulike sider ved barns oppvekst, må vi samhandla tettare med dei andre kommunalområda i kommunen. Vi skal ha arenaer for systematisk tverrfagleg samhandling kor tenestene saman kan bruka sin kompetanse til å utvikla gode oppvekstvilkår i Time kommune, slik som LLB vil vær for oss.

For å kunna gje eit mest mogleg heilskapleg tilbod til barn og foreldre må barnehagen samarbeida med andre tenester, institusjonar og hjelpeinstansar. Tverrfagleg arbeid og heilskapleg tenking må stå sentralt i arbeidet (jf. Rammeplan for barnehagen, kap.7). Familiesenteret er eit lågterskeltilbod i kommunen, der både barnehagen og foreldre kan saman, eller føresette åleine, kan søka råd og veiledning. Barne- og ungdomspsykiatri (BUP) og Habiliteringssenter for barn og unge (HABU) er instansar barnehagen samarbeider med ved behov. Vi har og eigen fysioterapeutkontaktperson som vi kan få råd og veiledning ifrå.

Barnehagar

Me har eit tett og godt samarbeid mellom både kommunale og private barnehagar i kommunen. Me har felles møtepunkt og felles samlingar, for fagleg utvikling og erfaringsutveksling, og tiltak for kompetanseheving i personalgruppene. På nokre område har me lærande nettverk på tvers av barnehagane, f.eks eige strategigruppe for LLB.

Helsestasjon

Barnehagane har ein helsesjukepleiar som fast kontaktperson. Det er jamlege møte mellom barnehage og helsesjukepleiar kring saker på systemnivå, jamfør LLB møter.

Pedagogisk Psykologisk teneste (PPT)

PPT er ein rådgivande instans som samarbeider med barnehagen og føresette for å støtte barnets utvikling og læring. Vi har ein fast kontaktperson frå PPT som har eit tett samarbeid med oss, ho er fast 1-2 gongar i månaden i barnehagen. Desse datoane vil stå i kalenderen på kidplan. Målet er å styrka det allmennpedagogiske arbeidet og koma tidleg inn i saker som gjeld barn eller barnegruppa. PPT hjelper med å tilrettelegge for barn som har behov for ekstra støtte, og gir veiledning til personalet. Dei er i tillegg sakkyndig instans i vurderingen om barn har behov for spesialpedagogisk hjelp etter barnehageloven § 31. Vårs kontaktperson kan og gje oss Marte Meo veiledning. Marte Meo er en veiledningsmetode med bruk av film som brukas for å støtte barnets utvikling ved å ta utgangspunkt i det som fungerer godt i samspelet, og bygge vidare på barnets egne initiativ og ressursar.

Barneverntenesta

Barneverntenesta har oppretta ei stilling der der er ein nettverkskontakt for barnehage og skule, og som skal vera med på å styrka samarbeidet mellom barnevern og barnehage/skule. Nettverkskontakten er jamleg i kontakt med barnehagane, og jobbar i hovudsak på systemnivå.

Overganger

Gode overganger mellom ulike arenaer og situasjonar er ein del av tidleg innsats og inkluderande praksis. Det handlar om å leggja til rette for å bli tatt godt i mot, og at rett kompetanse og tilpassing er på plass frå første stund. Gode overganger er ein del av arbeidet med å førebygga, fanga opp, følga opp og fremma eit trygt og godt miljø.

Gjennom erfaring med overganger i utdanningsløpet vil barn og unge opparbeida seg overgangskompetanse. Overgangskompetansen vil ha innverknad på korleis barnet opplever neste overgang og kva støtte dei eventuelt treng. Gode erfaringar vil gjera barnet meir robust i neste overgang.

Samarbeid i overgangsarbeidet er heimla i barnehagelova §§ 1 og 2a og i Rammeplanen for barnehagar. Barnehage og skule har plikt til å samarbeida om ein trygg og god overgang frå barnehage til skule og skulefritidsordning. Barnehagen skal òg ha samarbeid med føresette for å sikra barnet sitt beste i overgangsarbeidet. Time kommune har ein eigen [Overgangsplan 0-16 år](#) som beskriv korleis dei ulike tenestene skal samarbeida ved ulike overganger.

Overgang internt i barnehagen

I barnehagen tenkar vi at vi er ein heil barnehage og vi prøvar å jobbe ut frå at alle barna er «våre» barn og at vi skal ha ein relasjon til alle. Personalet knyter band og relasjonar på tvers av avdelinga, og vi har fokus på at barna skal kjenne alle av personalet. Ei veke i juni får barna frå småbarnsavdelingane koma på besøk til si nye avdeling saman med ein trygg vaksen, både for å leika og tryggja seg ennå meir. Før sommarferien får barna eit ark med bilete og namn på dei vaksne som skal vær på den nye avdelinga som dei kan ha med seg heim. Det er oppstart på ny avdeling når barnet kjem tilbake etter sommarferie eller når sommarbarnehagen er slutt.

Overgang frå barnehage til barnehage

Når eit barn i ein barnehage har fått plass i ny barnehage, har dagleg leiar frå den gamle barnehagen ansvar for at det blir innhenta skriftleg løyve frå føresette til å overføra informasjon om barnet til ny barnehage. Her vil observasjonsmaterialar og anna informasjon være særst nyttig. Barnehagane som det gjeld, skal og planlegg ein best mogleg overgang for barnet.

Overgang frå barnehage til skule

Vi besøker Bryne og Rosseland skule når vi er på tur. Dette gjer vi for å få ein meir glidande overgang frå barnehagen til skulen. Dei eldste barna (leikeskulen) har treff med barna ifrå barnehagen i Bryne kyrkje, Ree og Austbø barnehage før skulestart. I april har pedagogisk leiar overgangssamtale med foreldra og i april/mai blir denne

informasjonen delt med personell frå dei ulike skulane. I juni er barna på besøk på sin respektiv skule saman med vaksne frå barnehagen. Tilhøyrar barna andre skulekrinsar enn Bryne og Rosseland ringar pedagogisk leiar å gjer avtaler med den respektive skulen for å gjera barna sin overgang best mogleg.

Kontaktinformasjon til dei ulike avdelingane og til kontor

Veslefrikk:

Mobil: 918 75 860

Mail: brittkarin@spodarbakken.no
jannerind@spodarbakken.no

Tommeliten:

Mobil: 918 75 859

Mail: lene@spodarbakken.no
laila@spodarbakken.no

Askeladden:

Mobil: 918 75 858

Mail: elisabeth@spodarbakken.no
anja@spodarbakken.no
siv@spodarbakken.no

Tyrihans:

Mobil: 918 75 857

Mail: hege@spodarbakken.no
rakel@spodarbakken.no

Kontor:

Mobil: 917 54 953

Mail: julie@spodarbakken.no